

ODAL VINDKRAFTVERK AS
Pausvegen 6
1927 RÅNÅSFOSS

Vår dato: 21.02.2022

Vår ref.: 201201816-556

Dykkar ref.:

Odal Vindkraftverk AS - Vedtak om økt installert effekt

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 09.12.2021 frå Odal Vindkraftverk AS (OV) om å auka maksimal installert effekt frå 160 til 163,2 MW for Odal vindkraftverk i Nord-Odal kommune, Innland fylke.¹

NVEs vedtak

NVE gir i medhald av energiloven § 3-1, ff. § 10-4 andre ledd, Odal Vindkraftverk AS løyve til å auka maksimal installert effekt frå 160 til 163,2 MW for Odal vindkraftverk.

Bakgrunn

Endeleg konsesjon for Odal vindkraftverk vart tildelt E.ON Wind Norway, Branch of E.ON Wind Norway av Olje- og energidepartementet 21.04.2016.² Maksimal installert effekt i konsesjonen var 155 MW. Den 25.09.2019 godkjente NVE ein søknad om auke i installert effekt frå 155 til 160 MW.³ Anlegget er for tida under bygging.

Søknaden

I søknaden av 09.12.2021 skriv OV at dei søker om å auka tillat maksimal installert effekt frå 160 til 163,2 MW for Odal vindkraftverk. OV viser til at dei har ein nettilknytingsavtale som tillét 163,2 MW som er avklart med Elvia og Statnett SF.⁴ OV skriv vidare at vindturbinane frå leverandøren Siemens Gamesa Renewable Energy (SGRE) er utstyrt med eit fleksibelt effektuttak frå 4,0 til 5,2 MW, og at kvar turbin kan velja effektnivå ut i frå lokale vindforhold, nettilknytning eller andre parametarar.

¹ NVE ref.: 201201816-555

² NVE ref.: 201201819-355

³ NVE ref.: 201201819-460

⁴ NVE ref.: 201201819-459



OV skriv at kjeldestøyen til vindturbinane er uendra mellom dei ulike effektnivåa frå 4,0 til 5,2 MW. I ei orientering om støy og skuggekast skriv OV at rotasjonshastigheita for vindturbinane mellom 4,0 og 5,2 MW er uendra.⁵ OV skriv at ynskja effekt per turbin for Odal vindkraftverk er 4,8 MW.

OV skriv at ein auke frå maksimal installert effekt på 160 til 163,2 MW vil føra til ein auke i årleg energiproduksjon på 4 – 5 GWh/år.

NVEs vurdering

NVE forstår det slik at vindturbinane som SGRE leverer til Odal vindkraftverk er utstyrt med ei fleksibel maksimal toppyting mellom 4,0 og 5,2 MW. Tidlegare har det vore normalt å utstyra vindturbinar med ei fast maksimal yting. NVE er kjent med at fleire vindturbinleverandørar leverer liknande løysingar som SGRE der maksimal yting kan tilpassast i etterkant.

NVE konstaterer at den omsøkte effektauken gir ein auke i årleg energiproduksjon på 4 - 5 GWh/år og at støynivå, skuggekast og rotasjonshastigheit frå turbinane ikkje blir endra. Etter NVE sin vurdering er fordelane av auka kraftproduksjon difor større enn ulempene.

NVE har vurdert at ei utviding av installert effekt frå 160 til 163,2 MW ikkje vil gi nye negative verknadar for naturmangfaldet samanlikna med det som vart vurdert i bakgrunn for vedtak av 30.01.2014, jf. naturmangfoldloven § 8. Det blir derfor ikkje gjort vurderingar av §§ 9 til 12.⁶

NVE har vurdert dei negative verknadane av ei effektutviding til å vera ubetydelege og fann det derfor ikkje naudsynt å senda søknaden på høyring.

Klagerett og orientering av grunneigarar og rettshavarar

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saken og andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå det tidspunkt denne underretning er komen fram, jf. fvl. kapittel VI. Sjå vedlagt informasjon om rett til å klaga.

Vi ber OV om å underrette grunneigarar og andre rettshavarar om dette vedtaket. Underretninga skal etter forvaltningsloven gi opplysningar bl.a. om klagerett, klagefrist og retten til å sjå sakens dokument. Vi ber derfor OV om å senda en kopi av vedtaket til grunneigarar og andre rettshavarar. Kopi av orientering skal sendast til NVE.

⁵ NVE ref.: 201502175-352

⁶ NVE ref.: 201201816-258



Med helsing

Inga Katrine Johansen Nordberg
direktør

Erlend Bjerkestrand
fungerande seksjonssjef

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutiner

Mottakarliste:

ODAL VINDKRAFTVERK AS

Kopimottakarliste:

ELVIA AS

INNLANDET FYLKESKOMMUNE

Nord-Odal kommune

STATNETT SF

STATSFORVALTEREN I INNLANDET



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none">- Skrive kva for vedtak du klagar på.- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.- Opplyse om du klagar innanfor fristen.- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga. I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekkja vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.